



## Møtereferat

Dato: 27.05.2015

Emne:	<b>Referat frå regionalt planforum 26.05.2015: Planprogram E 16 Sleen - Åsbrekke</b>	
Til stades:	Kjersti Næss Finne, Voss kommune Bente Øyre, Statens vegvesen Kari Veseth Kinden, Statens vegvesen Hilde Gunn Stenseth, Statens vegvesen Synnøve Kløve-Graue, Statens vegvesen Christian Alstad, fylkesmannen KSA Terje Systad, NVE (på video frå Førde) Aase Midtgaard Skrede, Kartverket Kjetil Sigvaldsen, HFK, samferdselsavdelinga Jostein Akdsal, HFK, fylkeskonservatoren Gunnbjørg Austrheim, fylkeskonservatoren Eva Katrine Ritland Taule, HFK, planseksjonen Per Nordmark, HFK, planseksjonen	
Forfall:		Sak: 2014/13624-69
Møtetid:	10:00 – 12:10	Møtestad: Møterom Vestlandet, HFK, Bergen

**Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule**

**Referent: Per Nordmark**

### Presentasjon

Statens vegvesen (Svv) ved Bente Øyre presenterte forslaget til planprogram.

Bakgrunn for planarbeidet er at det føregår arbeid med kommunedelplan for E16 aust for parsellen, og det er alt utarbeidd kommunedelplan vestover frå Åsbrekke mot Lundarosen. Planarbeidet er i samsvar med NTP 2014 – 2023.

Det er i forslag til planprogram vurdert veg på begge sider av Oppheimsvatnet. Utfordringar med kurvatur, smal veg, ras og flaum er viktige årsaker til behovet for ny veg. Statens vegvesen sine handbøker vert lagt til grunn for planarbeidet og vegstandard. Planprosjektet vart starta opp i vinter. Ein idédugnad med ei breitt samansett gruppe resulterte i mange ulike forslag til vegtrasé, som er presentert i forslaget til planprogram. SvV gjennomførte ei synfaring i veke 21, 2015. Ved synfaringa vart mange alternativ funne uaktuelle grunna terreng, rasfare, berggrunn, store konsekvensar. Endeleg planprogrammet vil difor presentera eit lite tal alternative trasear, truleg 2 - 3.

Moment ved vurderinga av trasear:

- Å arbeida langs eksisterande vei er ei stor utfordring – når trafikken skal gå.
- Alt. 1; langs eksisterande veg i Vinjadalen vert det høge skjeringar - geologar rår i frå.
- Veg i dagen langs Oppheimsvatnet: Må fylla ut i vatnet – vatnet er scanna, men data enno ikkje tilgjengeleg. Djupne- og botndata vert viktige grunnlag for kva som eg aktuelt.
- Ny veg skal vera avkøyrsløse.
- Tunnelar over 10 km må ha nødutgang/tverrslag ut i dagen. Ny handbok vil setja krav ved 7 km.
- Nytt kryss med R13 – veg mot Myrkdalen/Vikafjellet er viktig.
- Nytt alt. 5: Vurdert som realistisk: Ein tunnel på vel 5 km og ein på vel 7 km. Den lengste må truleg ha eit tverrslag som nødutgang.

### **Framdriftsplan.**

Planprogram på høyring juni 2015  
Vedtak planprogram haust 2015  
Plan på høyring 2016  
Vedtak kommunedelplan ved årsskiftet 2016 /2017  
Er i rute med planlegging etter NTP.

## **Innspel og vurderingar**

### **Planavgrensing**

Omsynet til gode løysingar med tanke på tunnelpåhogg, lineføring, kryss mot R 13 og massedeponi kan gjera at planavgrensing vil bli endra og utvida, både mot Voss og mot Myrkdalen. Det er viktig å ha nok volum på planområdet. Det er aktuelt å utvida planområdet på austsida av elva mot Tvinde.

### **Politiske signal**

Voss kommune har handsama spørsmål om trasé politisk: Ønskjer ny løysing mot Myrkdalen og at det ikkje vert ei deling av Oppheim. Det nye alternativ 5 er i tråd med ønskja politisk i Voss.

Haugsvik: Området er utfordrande pga busetnad og dyrka mark.

Det vert vist til at det var ein god prosess med siling av alternativ i Nærøydalen. Her tilrådde ein berre eit alternativ. Dette effektiviserer planprosessen og gjev betre framdrift. Kan ein ved handsaming av planprogrammet sila ut og enda med eitt alternativ!

### **Siling av alternativ**

Ved siling av alternativ etter synfaring vart det lagt vekt på veg- og geologvurderingar, naturtema og landskap – grad av inngrep, friluftsliv og deponi. Statens vegvesen har og vurdert kulturminne ved eiga synfaring.

### **Kulturminner og kulturmiljø**

Planprogrammet bør tydeleggjere kulturminne. Rår til at underkategoriane i 3.1 vert løfta opp eit nivå slik at alle fagtema der vert synleggjort.

Oppheimsvatnet vart truleg oppdemt 4 m i 1904. Oppheimsvatnet er eit rikt område. I tillegg til veggrunn får både utfylling og påslag for tunnelar konsekvensar når det gjeld kulturminne, t.d. tunnelinnslag på Hauge, Rygg og Oppheim.

Området rundt det gamle Vinje-tunet er sentralt (ligg i nærleiken av Vinje kyrkje). Generelt er fjernverknad viktig med tanke på kulturminneverdiar. Her skal FK ha synfaring snart.

### **Massehandtering**

Det vart foreslått eit punkt i planprogrammet med utdjuping av tema massedeponi. Volum, kvalitet og bruk og plassering/deponering av massar må fokuserast slik at planen har løysingar på dette. Omsynet til tilgrensande prosjekt, som E 13 Vikafjellet må og takast med.

### **Landbruk**

Landbruk er eit viktig tema i dette planarbeidet. Planprogrammet må fokusera tydeleg på dette. Aktuelle tema er: Arealstatus for landbruks-/jordbruksareal, forbruk av jordbruksareal, tilrettelegging av nytt landbruksareal, forbetring av areal, effektar av anleggsdrifta på landbruksdrift, og effektar på landbruksdrifta ved ferdig veg.

### **Vassdrag**

Vassdraget er verna. NVE rår ifrå nærføring av veg langs vassdraget.

Ta omsyn til flaumframskrivingar. Voss kommune har i nyleg vedteken kommuneplan sett krav for heile kommunen om 40 % påslag for klimaendringar.

Av omsyn til vassdraget er det ikkje innvendingar mot utfylling i Oppheimsvatnet, - andre omsyn kan vektleggjast meir, men med tanke på vassdraget vil tunnel her vera den beste løysinga.

Det må utgreiast konsekvensar av utfylling.

**Vegklasse.**

Statens vegvesen sine handbøker definerer vegstandard basert på ÅDT. Dette gjer at det kan verta strekningsvise endring i vegstandard, t.d. i nærleiken av tettstader. For ei hovudtransportåre mellom aust og vest, kan det vurderast å ha eins vegstandard på lengre strekningar. Eksisterande veg, brukt som lokalveg vert truleg ikkje oppgradert då trafikken vert liten.

**Utforming av planprogrammet.**

Plasser eit oversiktskart tidleg i dokumentet. Forholdet til strekningane Oppheim – Lundarosen, Nærøydalen og Myrkdalen bør også gå fram meir tydeleg i Bakgrunn for planarbeidet.

Sjølve planprogrammet bør plasserast tidleg, stoff som er av meir opplysande karakter lengre bak.

Rikspolitiske retningslinjer er ikkje rett bruk av begrep. Dette bør endra til statlege føringar e.l. Rikspolitiske retningslinjer om universell utforming finnest ikkje – må takast ut (vart aldri vedtekne).

Bruk regionale planar – i staden for fylkesplaner

Aktuelle regionale planar som bør nemnast som plangrunnlag:

- Regional transportplan
- Regional kulturplan

Kommunale planar:

- Ny kommuneplan for Voss

Anna faggrunnlag:

- NVE- skredkart

Plankartet skal vil visa rasområda. Det er vurdert som bra.

Forslag til redigering

- Eige avsnitt under 2. Forholda i dag - problemskildring om ras/skred/flom.
- Ta med lovgrunnlag i avsnitta/kapitla der det hører heime.
- Gode illustrasjonar er nyttig i planprogrammet - gode men avgrensa.
- Medverknadsprosessen: Denne bør omtalast og konkretiserast.
- Milepælsplan. Framdriftsplanen kan gjerne ha med/inkludera ein milepælsplan.
- Planprogrammet må skrivast med sikte på ei folkeleg og brei målgruppe.
- Struktur på planprogrammet: Planprogrammet for Regional plan for attraktive senter i Hordaland kan nyttast som døme.
- Innhaldslista bør redigerast.

**Ytterlegare innspel**

Deltakarane i regionalt planforum har frist for ytterlegare innspel til tysdag 1. juni. Innspel skal sendast som epost til Bente Øyre.